



PERSONVERNERKLÆRING / PERSONVERNPLAKAT

Personvernerklæring for behandling av personopplysningar i Kviteseid kommune.

Denne erklæringa er generell, og det kan finnast særskilte erklæringar for dei ulike tenestoområda.

Kviteseid kommune ønskjer å sikre at du som brukar av kommunale tenester skal kjenne deg trygg på at gjeldande lover og regler følgjes for behandling av personopplysningar i kommunen.

Lov om behandling av personopplysningar

Personvernerklæringa følgjer føresegnene i Lov om behandling av personvernopplysningar (personopplysingsloven: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2000-04-14-31> med tilhøyrande forskrift: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-08-09-970?q=personopplysning>

Definisjonar, jf. personopplysningslovens § 2

- 1) personopplysning: opplysningar og vurderingar som kan knytast til ein einskildperson
- 2) behandling av personopplysningar: ein kvar bruk av personopplysningar, som t.d. innsamling, registrering, samanstilling, lagring og utlevering eller ein kombinasjon av slike bruksmåtar
- 3) personregister: register, lister m.m. der personopplysningar er lagra systematisk slik at opplysningar om den einskilde kan finnast att
- 4) behandlingsansvarleg: den som bestemmer formålet med behandlinga av personopplysningar og kva for hjelpemidlar som skal brukas
- 5) databehandlar: den som behandlar personopplysningar på vegne av den behandlingsansvarlege
- 6) registrert: den som ei personopplysning kan knytast til
- 7) samtykke: ei friviljug, uttrykkeleg og informert erklæring frå den registrerte om at han eller ho godtar behandling av opplysningar om seg sjølv
- 8) sensitive personopplysningar: opplysningar om:
 - a) rase- eller etnisk bakgrunn, eller politisk, filosofisk eller religiøs oppfatning
 - b) at ein person har vore mistenkt, sikta, tiltala eller dømt for ei straffbar handling
 - c) helsetilhøve
 - d) seksuelle tilhøve
 - e) medlemskap i fagforeiningar

I Kviteseid kommune behandlar vi personnummer som ei sensitiv personopplysning.

Føremålet med behandlinga av personopplysningar

Opplysningar som du sender inn til kommunen, blir send over til rette saksbehandlar/-behandlingsansvarleg. Opplysningane gjer våre tilsette i stand til å utføre sin saksbehandling

av din førespurnad. Dei innsamla opplysningane om deg blir behandla på same måte anten du sender inn vanlege dokument eller elektroniske dokument.

Retten til informasjon om behandling av personopplysningar

Ein kvar som ber om det, skal få vite korleis opplysningane om eigen person blir behandla.

Du har rett til innsyn

Du kan vende deg til ein av våre tenester og be om å få vite kva for opplysningar dei har om deg, kva de skal brukast til, og kor dei er innhenta frå. Dette gjelder så vel elektroniske som manuelle register.

Du skal kunne krevje at feilaktige eller mangelfulle opplysningar om deg blir retta. Vi rår difor at alle brukar innsynsretten aktivt, og gjer beskjed til tenesta dersom det er noko feil.

Du kan krevje at unødvendige opplysningar om deg blir sperra eller sletta. Vi slettar eller sperrar opplysningar som ikkje lenger er naudsynte for føremålet med registreringa. Dette gjeld ikkje dersom opplysningane skal oppbevarast i høve til annen lovgjeving, t.d. regnskapsloven, offentlegheitslova og arkivlova.

Når du ber om innsyn, retting og sletting er dette gratis. Kopiering vil kunne medføre krav om betaling.

Partsinnsyn etter forvaltningsloven

Det går fram av forvaltningslova § 18 at ein part har rett å gjere seg kjend med dokument i eiga sak. Det er einskilde unnatak for m.a. interne dokument.

Pressa og allmennheita si innsyn etter offentlegheitslova

Hovudregelen etter offentlegheitslova er at forvaltningsorgan sine saksdokument er offentleg tilgjengelege. Det tyder at alle som spør om det, presse og andre, vil kunne gjere seg kjend med innhaldet i kommunen sine saksdokument. Din førespurnad til oss vil dermed også vera offentleg, anten den kjem i form av brev, telefaks eller e-post.

Kommunen handterer imidlertid ein del dokument som inneheld teiepliktige opplysningar. Slike dokument blir unnateke frå det offentlege. Interne dokument kan også bli unnateke det offentlege.

Personvern og teieplikt

Alle tilsette i kommunen har teieplikt. De tilsette pliktar å hindre at andre får tilgjenge eller kjennskap til personlege opplysningar om deg, dersom du ikkje har gjeve samtykke til dette.

For einskilde saksområd er teieplikta særleg streng, og einskilde av særlovene gjev særleg strenge reglar om dette.

Oversikt over personopplysningar

Kviteseid kommune har oversyn over alle fagsystem som inneheld personopplysningar. Alle datasystem som lagrar og/eller behandlar personopplysningar er meldt til Datatilsynet, i det såkalla "Meldesystemet". Se www.datatilsynet.no. Meldesystemet syter for ei openheit rundt behandlinga av personopplysningar i verksemder. Systemet gjer det mogleg for deg som einskildperson å sjekke korleis dine personopplysningar blir behandla, slik at du kan taka vare på rettighetene dine.

Vidareformidling

Vår policy er at vi ikkje skal selgje, bytte eller på annan måte vidareformidle informasjon av nokon art, om deg, til tredjepart utan at du har samtykka til dette. Dette gjeld ikkje i den grad vidareformidling er naudsynt og i tråd med regelverket i den einskilde sak. (t.d. i utveksling av helseopplysningar ved behandling av pasientar.)

Informasjonssikkerhet

Vi har etter personopplysningsloven ansvar for å syte for at personopplysningane er tilstrekkeleg sikra.

Vi sikrar at berre dei som har eit tenestleg formål får tilgang til opplysningane. Vidare sikrar vi at opplysningar ikkje kan bli endra eller sletta av andre enn dei som er autorisert til å gjera dette.

Vi sikrar at personopplysningane er tilgjengelege når det er naudsynt for å utføre våre arbeidsoppgåver, for å gi deg ei best mogleg teneste.

Du bør ikkje sende sensitive opplysningar til kommunen i usikra e-post eller vedlegg til e-post, men heller i vanlig brev.

Informasjonskapslar (cookies)

Informasjonskapslar er små tekstfiler som plasserast på datamaskin di når du lastar ned ei nettside. Innhaldet i informasjonskapslane blir utveksla mellom datamaskina di og www.kviteseid.kommune.no kvar gong du ser på ei nettside. Kapslane syter for at nettstaden fungerer best mogleg og blir ikkje nytta for å identifisere deg som person.

Korleis du kan unngå informasjonskapslar (cookies)

Om du ønskjer at informasjonskapslar skal avvisast, kan du endre innstillingane i nettlesaren din slik at du anten blokkerar informasjonskapslar frå å bli lasta ned automatisk, eller at du får eit val om å laste ned kvar einskild informasjonskapsel. Informasjonskapslar som har blitt lasta ned tidlegare kan også bli sletta av frå nettlesaren.

På <https://nettvett.no/> finn du informasjon om:

- korleis du avviser informasjonskapslar
- korleis du sletter informasjonskapslar i nettlesaren din

Analyseverktøy for webstatistikk

Kviteseid kommune brukar analyseverktøyet Google Analytics for å samle og vurdere informasjon om korleis besøkande brukar nettstaden. Google Analytics brukar informasjonskapslar. Som behandlingsansvarleg for www.kviteseid.kommune.no er det Kviteseid kommune som bestemmer kva for opplysningar Google kan innhente om bruken av nettstaden. Google Analytics mottar berre generell webstatistikk, som t.d. nettlesartype, tidspunkt, språk og kva for nettside brukaren kom frå.

I tråd med vanleg praksis på internett blir brukaren si offisielle IP-adresse registrert. Kviteseid kommune har imidlertid vald å nytte ein funksjon som fjernar dei siste sifra frå IP-adresse di før informasjonen blir lagra av Google Analytics. Dette gjer at analyseverktøyet kan anslå brukaren si geografiske plassering, men adressa kan ikkje nyttas for å identifisere den einskilde. Mottekne opplysningar er underlagt Google sine retningsliner for personvern.

Elektroniske skjema:

Våre elektroniske skjema blir levert av Kommuneforlaget. Alle opplysningar som overføres mellom datamaskina di og serveren går over sikker kryptert line (SSL). Løysninga tilsvarar sikkerheita som er bruka i nettbankane.

Alle som nyttar digitale skjema frå denne leverandøren gir samtykke ved bruk. Eigartilhøvet mellom Kommuneforlaget og Kviteseid kommune reguleras av ei eiga databehandlaravtale.

Kontakt

Dersom du har spørsmål angående personvernerklæringa, kan du kontakte Sentraladministrasjonen:

Postadresse:

Kviteseid kommune
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

E-post: post@kviteseid.kommune.no

Sentralbord: 350 68 000

Aktuelle lenker:

[Datatilsynet](#)

[Forvaltningslova](#)

[Personopplysningslova](#)

[Offentlegheitslova](#)

[Forbrukerrådet: Digitale rettigheter](#)

Meir om tema - lenker til andre nettstader:

[Blankettar frå Brønnøysundregistrene](#)

[Informasjonsplikt og innsynsrett](#)

[Kameraovervåking](#)

[Kredittopplysning](#)

[Personvern](#)

[Personvern på 1-2-3](#)

[Slettmeg.no](#)

[Verktøy og skjema frå Datatilsynet](#)